


ÅRSRAPPORT



Medietilsynet
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

INNHALD

1. Frå leiaren	>	3
2. Medietilsynet i samfunnet	>	6
Våre tenester	>	8
Organisasjon og leing	>	12
3. Digitalradioskiftet	>	14
4. Lokalradiomannen frå Flisa	>	18
5. Årets aktivitetar og resultat	>	22
Tilsyn	>	23
Vern av barn og unge sin mediekvardag	>	26
Mediekompetanse	>	29
Tilskotsforvaltning	>	31
Klager	>	32
Tilsyn i tal	>	33
6. Styring og kontroll i verksemda	>	35
Etatsstyring	>	36
Intern styring	>	36
Særskilt rapport til Kulturdepartementet	>	37
7. Framtidsutsikter	>	40
8. Årsrekneskap	>	43
Leiingskommentarar til årsrekneskapen	>	44
Prinsippnote til årsrekneskapen	>	45
Årsrekneskap 2016	>	46



FRÅ LEIAREN

I 2016 hadde Medietilsynet eit lite jubileum. Det var ti år sidan vi flytte til dei nye lokala våre og fekk samla all verksemda på ein stad. På desse ti åra har mykje endra seg, både når det gjeld dei oppgåvene vi har, og ikkje mindre korleis vi løyser dei. Det ser vi klårt når vi ser attende på verksemda ti år etter samlinga. →



Det har vist seg at kringkastarane jamt over har gode system for aldersmerking, medan dette ikkje gjeld dei nettavisene som har vore ettersett.

Tom Thoresen

Fredrikstad, 15. mars 2017

DEN INTERNASJONALE UTVIKLINGA er til dømes meir sentral for oss. Det gjeld både lovgjeving og bodskap og sendingar som ikkje kjenner landegrensar lenger. Tilsynet tok difor i fjor del i arbeidet i fleire internasjonale fora. Det gjaldt mellom anna kringkastingsarbeidet i EPRA og som observatør i EUs ERGA-samarbeid. Det gjeld International Classifiers Conference og PEGI, systemet for merking av spel. Tilsynet avslutta Trygg bruk-prosjektet og starta opp eit nytt EU-prosjekt, Connecting Europe Facility-program (CEF). Det er og årlege møte mellom dei nordiske landa. Det gir oss verdfull røynsle, samstundes som det gir oss moglegheit til å skjønne og påverke. Tilsynet har difor satt ned ei eiga gruppe for å samordne dette arbeidet, etterkvart også i høve til Kulturdepartementet.

Tilsyn på kringkastingssida har mykje vore knytt til reklame, sponing og produktplassering. Jamt over får ein her gode resultat i dialog med aktørane, og i samarbeid med andre, som til dømes Forbrukarombodet.

I 2016 vart produksjonstilskotet til dei nasjonale vekemedia flytt frå Kulturrådet til Medietilsynet. Tilskotet blir no gjeve nøytralt etter plattform. Ei av dei nye på ordninga i fjor var den reine e-avisa Dagens Perspektiv. Tilsynet har fått ei evaluering av verktøyet for pressestøtta og vil difor gjere mindre justeringar. Elles er tilskot no òg gjeve til digitalisering av lokalradio.

Som vanleg har mykje arbeid vore lagt ned i å tryggje dei yngste mediebrukarane. Mange grupper er no omfatta av den nye bildeprogramlova. Dei blir ettersett etter ein tilsynsplan for fleire år. Det har vist seg at kringkastarane jamt over har gode system for aldersmerking, medan dette ikkje gjeld dei nettavisene som har vore ettersett. Tilsynet har òg mellom anna skipa ei e-postteneste som publikum og aktørar kan nytte.

I arbeidet med å tryggje mediekvardagen for barn og unge har tilsynet god nytte av erfaringane med barne- og ungdomspanel. Ein når òg mange av dei unge gjennom Safer Internet Day, samarbeidet i Bruk hue-kampanjen og Dataspelkonferansen. Det gjeld òg det nettverksamarbeidet tilsynet har med fleire organisasjonar og offentlege myndigheiter. Særst verdfull er den born- og medieundersøkinga som tilsynet gjer kvart andre år. Her får vi og andre brukarar kunne om dei unges vanar og haldningar og korleis desse endrar seg. Samstundes blir foreldra spurde, så ein kan sjå kva dei vet og trur om åtferda til dei unge.

2016 var det siste heile året til å førebu overgangen til berre digitale riksdekkande radiosendingar. Desse starta opp i januar 2017. Medietilsynet hadde fleire oppgåver med dette, mellom anna vart mange lokale radiokonsesjonar for FM forlenga. Dette vart òg følgd opp med meir liberale rammvilkår. Men den viktigaste oppgåva var informasjon til ålmenta og særskilde grupper om overgangen. Tilsynet har

samarbeidd med fleire andre i dette arbeidet og satt inn etter måten store eigne ressursar. Undersøkingar tyder på at overgangen no er ganske vel kjend. Likevel må eit høgt nivå på informasjonen haldast oppe i det sløkkingsåret vi no er inne i.

Vi såg i 2016 at utviklinga i tilsynsarbeidet og mykje anna av det vi gjer, går eintydig i same lei. Informasjon, rådgjeving og samhandling med dei ulike aktørane, blir stendig viktigare. Rett nok finst det eit ris bak spegelen, men i dei store nye utfor-

Medieverda er i snøgg endring. Difor er det òg sær s viktig at offentlege organ og tilsyn heile tida er merksam på om deira eigen organisasjon, kunne og kompetanse er på høgda.

dringane mange bransjar og føretak har, er det til vanleg andre verkemiddel som gir betre resultat. Medietilsynet har òg i fjoråret jamt over hatt gode erfaringar med slik samhandling.

Mediekunne speler ei stadig større rolle på mange av dei områda tilsynet har oppgåver på. Mykje av arbeidet må gjerast med å samle og spreie kunne slik at flest mogleg skal vere opplyste og kritiske brukarar. Det gjeld både unge og vaksne. Døme på ei slik kunne kan vere kven som er avsendar av dei bodskap media gjev oss. Konkurransetilsynet har no fått ansvaret for at det ikkje blir for sterk

eigarkonsentrasjon i media. Men Medietilsynet har fått ansvaret for den nye lova om openheit om eigarskap. Samstundes har tilsynet styrkt arbeidet med medieøkonomi og freistar no å bygge ut dette viktige området samla.

Medietilsynet har òg i fjoråret gjeve assistanse til Kulturdepartementet i mange saker. Det gjeld mellom anna utgreiingar og førebuingar til lovgjeving og ymist anna. To av tilsynets medarbeidarar har òg vore nytta som sekretærar for viktige utgreiingsutval under departementet. Medietilsynet ser dette som ei anerkjenning av den kunna som tilsynet og medarbeidarane her har. Samstundes gjev det auka kompetanse tilbake til tilsynet.


Medieverda er i snøgg endring. Difor er det òg sær s viktig at offentlege organ og tilsyn heile tida er merksam på om deira eigen organisasjon, kunne og kompetanse er på høgda. Dette er Medietilsynet oppteke av. Det er òg sær s viktig at arbeidet med organisasjonsutvikling vert auka og halde oppe på eit høgt nivå.

Medietilsynet har mange oppgåver og fleire verkemiddel til å løyse dei. Eg vonar at denne årsrapporten for 2016 gjev eit godt innblikk i dette og i korleis tilsynet elles blir drive. Eg ynskjer alle ei god lesing.



MEDIETILSYNET I SAMFUNNET

Medietilsynet er staten sitt fagorgan på medieområdet og skal bidra til å oppfylle samfunnsmåla om ytringsfridom, retts-tryggleik og eit levande demokrati. Tilsynet skal leggje til rette for ein innovativ, konkurransedyktig og mangfaldig medieindustri og vere eit leiande kompetanse-miljø på mediefeltet. →



TILSYNET ER EIN forvaltningsetat underlagt Kulturdepartementet. Departementet har nedfelt vårt samfunnsoppdrag i verksemdsinstruksen og definert oppgåvene våre i det årlege tildelingsbrevet. Hovudmålet for tildelingsbrevet for 2016 kan summerast slik:

- Føre tilsyn med at lover og reglar på medieområdet blir overhaldne
- Føre tilsyn med allmennkringkastingsoppdraget til NRK, TV 2, P4 og Radio Norge
- Bidra til at barn og unge bruker digitale medium på ein ansvarleg og trygg måte
- Forvalte og utbetale pressestønad til media
- Sørgje for oppdatert kunnskap om media sin situasjon og vere eit leiande kompetansemiljø på feltet

I tillegg skal Medietilsynet sørge for sikker og effektiv intern drift og samarbeide med andre verksemder og aktørar som bidrar til at måla blir nådd. Samarbeidet omfattar bransjeorganisasjonar, ideelle organisasjonar og offentlege og private verksemder. Tilsynet har også brei kontakt med utanlandske tilsynsstyresmakter og organisasjonar. I 2016 deltok blant anna tilsynet på den internasjonale filmkonferansen International Classifiers Conference, i fleire ekspertgrupper under rådgivingsorganet ERGA for EU (European Regulators Group for Audiovisual Media Services) og i samarbeidsmøte med PEGI (Pan European Game Information) innanfor dataspelområdet.

Innsatsfaktorar

ÅRSVERK

40

46 tilsette*
(4 i permisjon)

DRIFTSLØYVE

46,4

millionar kroner

LØYVE TIL SÆRSKILDE TILTAK

3,4

millionar kroner

LØYVE TIL MEDIESTØNAD


370,5

millionar kroner

* blant anna juristar, medievitarar, statsvitarar, pedagogar og siviløkonomar

VÅRE TENESTER

Medietilsynet har fleire og ulike brukargrupper. Brukargruppene er alt frå store og mindre mediebedrifter og organisasjonar til barn, ungdom og den vaksne befolkninga. Det er utfordrande for offentlege verksemder å vise effektane av arbeid sitt, noko som også gjeld for oss. Forholdet mellom aktivitetane våre og brukar- og samfunns-effektar er ikkje entydige, og effektane blir berre gradvis vist eller vist etter lengre tid. Effektane er også vanskelege å måle kvalitativt i eit stadig skiftande medielandskap. Medietilsynet er heller ikkje aleine om å bidra sidan mykje av arbeidet blir gjort av og i samarbeid med, fleire andre verksemder. I figuren illustrerer vi samanhengen mellom ressursinnsats, aktivitetar og resultat i 2016. Dette blir nærmare omtalt i del 5 i rapporten.



AKTIVITETAR

Tilsyn

- Ført tilsyn med reklame, sponsing og produkt-plassering i program i NRK, TV 2, TVNorge og bestillingstenester som VGTV, BT-tv, TVVest, Vårt Land web-tv og YouTube
- Ført tilsyn med allmennkringkastingspliktane til NRK, TV 2, P4 og Radio Norge
- Kontrollert radiokringkastarar og deira eigenkontrollrutinar om mengd reklame
- Ført tilsyn etter bildeprogramlova for vern av barn og unge i bestillingstenestene til TV 2 Sumo, NRK nett-tv, Dplay, VGTV, 15 nettaviser, 30 videodistributørar, 14 butikkar/kjøpesenter, ni underholdningsparker og tre filmfestivalar
- Ført tilsyn med kringkastarar og tilbydarar av audiovisuelle bestillingstenester om europeisk programinnhald
- Tildelt og vurdert kringkastingskonsesjonar og anleggskonsesjonar
- Vurdert og sett aldersgrenser for kinofilmar og kravd inn avgift
- Registert filmar

Rettleiing

- Gjennomført Trygg bruk-prosjektet under EUs Connecting Europe Facility-program (CEF)
- Hatt dialogmøte med kringkastarar, bransjeorganisasjonar og andre aktørar
- Laga rettleiings- og informasjonsmateriell på medieområdet

- Laga informasjon om overgangen frå analog (FM) til digital radio (DAB+)

Mediestønad

- Behandla søknader om mediestønad til nyheits- og aktualitetsmedium og lokale lyd- og bilde-medium
- Behandla søknader om midlar til medieforskning (RAM) og etterutdanningsverksemd i redaksjonelle medium

Mediekompetanse

- Gjennomført undersøkingar og utarbeidd rapportar på medieområdet: økonomi, eigarskap, barn og unges mediebruk og medietrendar
- Levert høyringsfråsegner og hjelpt KUD med utforming av regelverk på medieområdet
- Deltatt aktivt i internasjonale nettverk – blant anna nordiske mediemyndigheiter, ICC, PEGI, Insafe, ERGA og EPRA.

PRODUKT OG TENESTER

Tilsyn

- Behandla ei sak om manglande merking av program (produktplassering)
- Ført tilsyn med allmennkringkastingsforpliktningane gjennom allmennkringkastingsrapporten for 2015 til KUD
- Gitt 208 lokalradioar løyve til å fortsette å sende på FM-bandet
- Gitt anleggskonsesjon for lokalradio i 31 av 37 regionar og 52 innhaldskonsesjonar til lokalradio på DAB. Behandla ei klage på vedtak.
- Satt 280 aldersgrenser på kinofilmar. Behandla to klager.
- Registrert 2 044 videofilmar

Rettleiing

- Laga rettleiarar om merking av reklame, spon-sing og produktplassering i sosiale medium og videodelingsplattformer
- Laga rettleiar om korleis tilbydarar av bestil-lingstenester og kringkastarar skal identifisere seg overfor publikum
- Laga rettleiar om korleis kringkastarar og til-bydarar av audiovisuelle bestillingstenester kan fremje europeisk programinnhald
- Oppretta ei e-postteneste for publikumsspørsmål til bildeprogramlova og vern av barn og unge
- Laga foreldreguide om barn sin bruk av internett
- Laga radio- og tv-spott og informasjonspakkar om overgangen frå analog til digital radio
- Gjennomført bransjeseminar med Forbrukarom-bodet om skilje mellom redaksjonelt og kom-mersielt innhald
- Vidareført arbeidet med antimobbing-kampanjen Bruk hue
- Koordinert den årlege Safer Internet Day
- Arrangert Dataspillkonferansen 2016 og deltatt på arrangementet SpillExpo

Mediestønad

- Tildelt mediestønad til 155 nyheits- og aktuali-tetsmedium
- Tildelt midlar til 141 prosjekt/tiltak i lyd- og bildemedium



Foreldreguide om barn sin bruk av internett



Barn- og medieundersøkinga 2016



Frå antimobbe-kampanjen Bruk hue



- Tildelt midlar til elleve medieforskningsprosjekt, tre mastergradar og gitt stønad til etterutdanningsinstitusjonar

Mediekompetanse


- Arrangert barne- og ungdomspanel
- Lansert og følgt opp Barn- og medieundersøkinga 2016
- Laga årleg rapport om økonomien i mediebransjen
- Hatt 56 nyheitssaker på Medietilsynet.no, ni blogginnlegg, i overkant av 150 twitter-meldingar og 250 facebook-meldingar i tillegg til artiklar, kommentarar og intervjuar i presse og kringkasting

BRUKAREFFEK TAR

- Barn og unge blir verna mot skadeleg programinnhald
- Barn og unge bruker digitale medium på ein medviten og kritisk måte
- Foreldre tar medvitne val med omsyn til kva barna deira skal sjå av programinnhald
- Publikum er klar over at dei ser betalt programinnhald og blir i stand til å reflektere over innhaldet
- Det er tydlege rammer for kommersielt innhald i program som gjer publikum meir i stand til å skilje mellom kommersielt og redaksjonelt innhald
- Befolkninga har eit breitt spekter av programtilbod å velje mellom på tv og i radio
- Aktørane har auka kunnskapen til regelverket

SAMFUNNSEFFEK TAR

- Ein open og opplyst offentleg samtale i det digitale mediesamfunnet
- Ein innovativ og konkurransedyktig medieindustri
- Eit mangfald av nyheits- og aktualitetsmedium
- Ein sterk nasjonal allmennkringkastarsektor
- Auka kunnskap om media si tyding for samfunnsutviklinga



ORGANISASJON OG LEIING

Medietilsynet har kontor i Fredrikstad og blir leia av direktør Tom Thoresen. Leiargruppa består av fire menn og to kvinner.

Tilsynet sysselsette 46 medarbeidarar ved utgangen av 2016. Dei er organiserte i tre fagavdelingar, ei administrasjonseining og ein stabsfunksjon. Fire av dei tilsette var i permisjon i 2016.

Drifta blir finansiert over statsbudsjettet. Ordinært driftsbudsjett var på 46,4 millionar kroner i 2016. Av driftsbudsjettet gjekk 28,6 millionar kroner til lønn.




Leiinga frå venstre: Gudmund Gjølstad, Gudbrand Guthus, Aase-Gunn Engø, Tom Thoresen, Tor Erik Engebretsen og Eva Liestøl

NØKKELTALL

	2014	2015	2016
Tal på årsverk	47	44	40
Samla driftsløyving	52 292 000	47 630 000	49 788 000
Driftsutgifter rekneskapsført	54 139 017	46 408 696	44 286 189
Lønn og sosiale utgifter per årsverk	688 678	708 644	715 476
Lønnsdel av driftsutgifter i prosent	60	67	65
Samla utgiftsløyving til tilskotsordningar	362 901 000	357 339 049	370 504 000
Samla rekneskapsført gebyr	9 876 425	7 204 113	12 841 503 *

*inkluderer videogramavgift som tidlegare blei innkrevd av Film & Kino

DRIFTSUTGIFTER





DIGITALRADIOSKIFTET

Den 11. januar 2017 klokka 11.11 skjedde det ei radiohistorisk hending i Bodø. Då slo NRK, P4 og Radio Norge av sine riksdekkande FM-sendingar og gjekk over til DAB+. Berre lokalradiostasjonane var igjen på FM i Nordland. →

I FRAMKANT AV RADIOSKIFTET har det vore gjort grundige vurderingar frå politisk hald om alt frå oppfyljing av sløkkevilkår til beredskap. Politika-rane har også framheva dei fordelane digitalise-ringa medfører for radiolyttarane. Dei har blant anna peika på at mangfaldet for radiolyttarane blir større og at distrikts-Noreg går frå to-tre kanalar til å få tilgang til eit breitt spekter av radiokanalar. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har i tillegg konkludert med at DAB-nettet er meir teknisk robust enn FM-nettet, og dei har peika på

at beredskapen i tunnelar vil bli betre ved at alle ra-diokanalar, og ikkje berre NRK P1, er tilgjengelege.

Medietilsynets informasjonsarbeid

Eit så stort teknologiskifte som dette krev at publikum får god informasjon om prosessen. Medietilsynet ble derfor pålagt å drive ein infor-masjonskampanje om digitalradioovergangen. Vårt informasjonsarbeid har sidan oppstarten hatt tre hovudstolpar: å auke befolkninga si kjennskap til teknologiskiftet, å vareta behova til enkeltgrupper



som kan ha behov for særleg informasjon og assistanse ved eit slikt skifte og å sjå på konsekvensen av teknologiskiftet for radiolytting i bil.

Kjernebodskapen i informasjonstiltaka gjennom heile 2016 har vore at radioskiftet blir gjennomført fylkesvis i 2017. Målet har vore å få befolkninga klare til overgangen.

Det største enkeltstående informasjonstiltaket Medietilsynet gjennomførte i 2016, var produksjon og sending av ein tv- og radiospott om radioskiftet



Frå informasjonfilmen om regionvis sløkking og overgang til DAB+.

Informasjonsarbeidet har vore utført innanfor Medietilsynets årlege driftsbudsjett, slik at dei fleste informasjonstiltaka er baserte på eigeninnsats. Eksempel på dette er nettsideinformasjon, dedikert facebookside, e-postteneste og kronikkar/lesarinnlegg til medlemsblad, avisar med vidare. Vidare har vi laga informasjonspakkar på både norsk og engelsk med kronikk, informasjonsbro-sjyre, informasjon om sløkkeplanen med vidare. Informasjonspakkene på norsk er blitt sendt ut til dei kommunale servicekontora i landet, alle lokalavisredaksjonar og fleire riksmidium. Dei engelske informasjonspakkene har særleg turistar og yrkes-sjåførarar som målgruppe, og dei er blitt distribuerte til norske turistnettsider og utanlandske organisasjonar knytte til turisme, yrkestransport og


bilisme. Dei andre europeiske tilsynsorgana er blitt orienterte om den europeiske utsendinga gjennom EPRA-samarbeidet.

Informasjonsdeling og det å få aktørar og andre organisasjonar til å bidra med å gi god og riktig informasjon om radioskiftet til medlemmene og lyttarane sine, har vore ei viktig side av informasjonsarbeidet vårt. I tillegg til å delta med innlegg på eksterne konferansar og seminar, arrangerte vi eit større nettverksmøte i september 2016 der det var nærmare 70 deltakarar frå ulike kringkasterar, styresmakter, interesseorganisasjonar, pressa med vidare. Ved sida av denne forma for informasjonsdeling, har vi jamleg dialog med dei største interesse- og bilorganisasjonane, for å sikre at vi varetar informasjonsbehovet deira.

Det største enkeltstående informasjonstiltaket Medietilsynet gjennomførte i 2016, var produksjon og sending av ein tv- og radiospott om radioskiftet. Spotten blei vist på NRKs tv-kanalar (NRK1 og NRK2) i perioden 14. oktober til 6. november og nådde 62 prosent av befolkninga i gjennomsnitt 5,4 gonger (kjelde: NRK). Tilsvarande måltal for radiosending er ikkje tilgjengelege, men spotten blei send på radio med høgt trykk i same periode som tv-kampanjen.

Informasjon til lokalradiobransjen

2016 har vore eit år med store endringar for lokalradiobransjen. I tillegg til informasjonstiltak retta




mot befolkninga, har vi derfor også prioritert å informere lokalradiobrandsjen om dei politiske avgjerdene som er tatt og kva for rammevilkår som vil gjelde framover. Informasjon har blitt gitt både gjennom dialog og individuell rettleiing, bransjeretta informasjon på våre nettsider og deltaking på ulike arrangement der bransjen møtast.

God kjennskap om radioskiftet

Det informasjonsarbeidet som både Medietilsynet og kringkastarane har stått for, har vore ein viktig faktor for å gjere lyttarane klare for radioskiftet. Ifølgje ei spørjeundersøking frå tredje kvartal i 2016 hadde heile 87 prosent av befolkninga kjennskap til teknologiskiftet på radio (kjelde: Digitalradioundersøkinga). Kjennskapstalet har lege jamt høgt gjennom heile 2016. Det er dermed grunn til å slå fast at befolkninga sin kjennskap til at det skulle skje eit teknologiskifte på radio i 2017, har vore god.

Framtidige utfordringar

Sjølv om radioskiftet no er godt i gang, er det likevel framleis enkelte utfordringar som står igjen. Den mest sentrale av desse er bilradio. Dette fordi berre tre av ti bilar hadde DAB+ installerte ved inngangen til 2017, men også fordi erfaringar viser at det er enkelte brukarutfordringar knytte til bil. Dette gjeld for eksempel kor viktig det er med korrekt montering av antenne med god kvalitet og funksjonaliteten «automatisk frekvensskifte». Vi ser vidare behov for generell brukarrettleiing etter kvart som sløkkinga skjer. Medietilsynet er godt i gang med å adressere desse utfordringane, og vi vil jobbe vidare med dette gjennom heile 2017.



LOKALRADIOMANNEN FRÅ FLISA

Det var etter ein samtale med frisøren sin på Flisa i 2012 at Bjørn-Martin Nordli Brandett kjende frisk endringsvilje. Då frisøren hans klagde over å ikkje kunne finne lokalradioen på den nykjøpte DAB-radioen sin, fekk Solør-radiomannen ein ny misjon: Folk skal jo ha tilgang til lokalradioen sin! →



Frå radiostudioet i SolørRadioen på Flisa.

AT FRISØREN SKRUDDE og skrudde på apparatet for å peile inn favorittstasjonen til ingen nytte, gav Brandett god grunn til å gjere noko med akkurat dette. Neste fase skulle derfor omfatte både storting og politikk, investeringar og lån, uendelege timar med innsats, søknadsprosessar og tilrettelegging for digitalradioovergang. Medietilsynet tok derfor turen til Flisa for å snakke med den driftige radiomannen for å få meir innsikt i erfaringane og tankane hans om framtida til lokalradioen.

– Det er billigare å eige sendarnettet sjølv enn å leige av andre, så vi ville hoppe på toget når det først begynte å rulle for å klare å henge med. Og

det er utruleg fint å ikkje måtte dele på frekvensane med andre. På DAB er vi helt aleine og oppnår større regional dekning, poengterer han.

Stor tru på styrken av det lokale innhaldet

Etter at den første DAB-sendarer kom i drift 9. desember 2013, har selskapet nå sett opp totalt seks sendarar og dermed fått dekning i dei mest befolkningsrike områda i Hedmark. Med seks lokalradioar og eigarskap i ytterlegare éin på Kongsvinger, er det meir enn nok radiodrift å ta seg til. Tal frå TNS Gallup 2016 viser at Hedmarksradioene AS gir omlag 24 300 lyttarar lokalt innhald kvar veke, men kva tenker han om auka konkurranse når dei nasjonale kringkastarane sløkker FM i området hans?

– Auka konkurranse har vi allereie på DAB+-nettet, men vi har framleis mange som lyttar til lokalradioen. Når dei som alltid har høyrte på P1 mister kanalen, håper vi at vi kan vere med å gi nye radiovanar til dei som ikkje har gjennomført digitalovergangen enno. Håpet er at dei igjen vil finne tilbake til oss sjølv etter oppgraderinga til DAB+. Når eg tenker på dei mange FM-radioane som framleis kjem til å vere i bruk i lang tid framover på hytter, i bilar og båtar og andre stader, har vi framleis lyttarar. Når det er sagt, er det flott med tilgang til alle dei ulike kanalane på DAB+, men kven kan lytte på alt og kjem til å nytte seg av alle moglegheitene? Nei, eg er ikkje redd for auka konkurranse eller at vi mister lokalradio-lyttara-

ne. Eg trur vi kjem styrkte ut med lokalt materiale. Eg er overtydd om ein positiv utvikling og at det kanskje endeleg blir gode kår for å drifte lokalradio – at marknaden endeleg smiler til den mest utsette bransjen innan kringkastinga, smiler han.

Kostbart og avansert mellomfase-prosjekt

Brandett kallar DAB-teknologien for ein mellomfase-teknologi før radio om ikkje mange år vil bli send over internett, men han meiner at DAB er den beste løysinga akkurat no. – Eg trur ikkje

mykje tid til å stabilisere nettet. Det er nok det vi har opplevd som mest problematisk med DAB+. Det er så mykje knot, og det er veldig tidkrevjande. Ettersom vi kom tidleg i gang med denne teknologien, var det heller ikkje lett å innhente kunnskap eller hjelp for dette nisje-feltet, men det var ikkje berre det tekniske arbeidet som var utfordringa. Vi var støtt på møte og konferansar og vi drog til Stortinget for å motverke monopol-verksemd med omsyn til lokale sendarnett. Det var mykje jobb, fortel han.

Brandett kallar DAB-teknologien for ein mellomfase-teknologi før radio om ikkje mange år vil bli send over internett, men han meiner at DAB er den beste løysinga akkurat no.

Men, dei stoppa aldri opp. Då Hedmarksradioene AS fekk konsesjon for DAB i prøveperioden, hadde dei noko eigenkapital, men dei fekk også stønad frå ein lokal bank med stor tiltru til dei ønskte investeringane.

eg høyrer på DAB-radio når eg blir gammal, for å seie det sånn, ler 30-åringen. Men, det er ei god løysing no. Etter at vi vann konsesjonsområda 4 og 5, kunne vi fullt ut sleppe uvissa rundt dette med å investere. Vi var utvilsamt usikre i prøveperioden fordi vi då ikkje visste om Norkring uansett ville ende opp med konsesjonane. Det var ein høg risiko for oss, og vi var letta då vi vann auksjonane.

– Så fekk vi moglegheit til å få to utrangerte sendarar Norkring skulle kaste. Det var flott at vi fekk dei gratis, men å få desse i drift var på ingen måte kostnadsfritt. Alt frå kabling til antenner og to omformarar til 50 000 kroner stykke, blei prisen per sendar omtrent 250 000 kroner. Han peiker også på kor viktig investeringstilskotet til digitalisering av lokalradio frå Medietilsynet var.

2017 blir eit godt år, meiner han og legg ut om kor krevjande det har vore å konvertere til digitalradio; – DAB-teknologien var eit nytt og meir avansert fagfelt for oss enn FM er. Vi har brukt uendeleg

– Tilskotet gjorde at vi fekk ferdigstilt utbygginga vår mykje raskare. På grunn av dette og at vi slapp å ta opp store lån, kom dei siste tre sendarane fort på. Stønaden letta drifta vår betydeleg. Det var viktig for oss å få til denne utbygginga, men det er

FAKTA

Hedmarksradioene AS driv dei fleste lokalradioane i Hedmark. Det er seks lokalradioar på DAB+, inkluderte SolørRadioen. Desse har anleggs- og innhaldskonsepsjon og blir drivne i region 4 og 5. På FM har Hedmarksradioene fem radiostasjonar (allmennradio og nisjeradio), også med anleggs- og innhaldskonsepsjon.

mykje meir krevjande å drifte digitalt nett enn FM-nett. Vi har derfor stansa all vidare utbygging for å kunne drifte forsvarleg. Det er kostbart med dei årlege konsesjonskostnadene til Nkom for våre tre konsesjonar saman med det høge straumforbruket, husleiger og andre løpande utgifter, forklarar han.

Radiobingo engasjerer og leverer

Hedmarksradioene AS har ambisjonar om å rulle ut fleire kanalpakker på DAB+ etter kvart, men det blir nok først etter forhandlingar med Tono og Gramo, ettersom dei krev pengar for kvar kanal og ikkje den einskilde radiostasjonen. Dette handlar igjen om å redusere driftskostnadene, og når det kjem til drift, har framleis radiobingo ein stor betydning for lokalradioane i tillegg til dei kommersielle inntektene frå reklame og annonsering.



Bjørn-Martin Brandett med bingotrommelen som stadig er i bruk.

– I 2016 omsette vi radiobingo-blokkar for ca. 4,1 millionar kroner. Halvparten av dette går tilbake til drifta, fortel Brandett.

Dei mottar noko meir inntekter frå reklame og annonsering enn radiobingoen, men han understrekar likevel at utan radiobingo er det kroken på døra – tvert. For å oppretthalde interessa har dei også auka premiesatsen til opptil 70 000 kroner. Gjennom auka marknadsføring via eigne nettsider og Facebook, har dei i tillegg klart å engasjere yngre folk til også å delta. – Radiobingo har jo vore mest kjend for den eldre garden, men ved å rekruttere dei noko yngre, vil dette fortsetje å vere eit viktig bidrag i åra framover, seier han.

Det har ingenting føre seg å stenge FM

Når vi spør han om han vil å stenge FM og berre drive digitalt framover, har Brandett dette å seie om saka: – FM-sendarane kostar oss nesten ingenting å drifte og ha. Sendarane og utstyret er for lengst nedbetalte, dei krev lite straum og inga husleige. Det utstyret vi har kjem til å halde i mange år framover, og som eg nemnde er det mange som vil fortsette å lytte til FM på gamle radioar også i åra som kjem. Paradoksalt nok er det faktisk meir kostbart for oss å plukke dei ned. Vi aleine har 14 FM-sendarar, og med ei rekning på mellom 20 000 til 30 000 kroner per sendar i kostnader for å plukke dei ned, seier det seg sjølv at det ikkje er ein god investering å gjere det. Nei, FM får rulle og gå i mange år framover, avsluttar han.



ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

2016 har vore eit år prega av høg aktivitet i tilsynet. Medietilsynets gjeremål kan summerast i tre hovudområde; tilsyn med medium, vern, råd og kunnskap om mediebruk og tildeling av stønadsmidlar til media. Aktiviteten har vore stor innanfor alle områda i 2016. Tilsynet har i betydeleg omfang gitt Kulturdepartementet hjelp i utforming og oppfølging av regelverket på medieområdet, særleg innanfor radioområdet og mediestønad. Resultatsmessig har 2016 vore eit godt år, og alle vesentlege utfordringar i tildelingsbrevet frå departementet er innfridd. —>

TILSYN

Reklame, sponning og produktplassering

Tilsynet innleidde eit samarbeid med Forbrukarombodet om skjult reklame i 2016. Formålet var å løfte temaet om skilje mellom kommersielt og redaksjonelt innhald, noko som førte til eit bransjeseminar på våren. Seinare på hausten blei det utarbeidd rettleiarar om merking av reklame, sponning og produktplassering i sosiale medium og på videodelingsplattformer.

Det blei gjennomført kontroll med sponsoridentifikasjonar hos følgjande utvalde kringkastarar og bestillingstenester: BT-tv, NRK, TVNorge, TVVest og Vårt Land sin web-tv. Kontrollen avdekte ingen brot på regelverket.


Ein produktplasseringskontroll med NRK, TV 2, TVNorge og VGTV avdekte tilfelle av manglande merking hos VGTV. Dette blei tatt opp med dei, og i etterkant viste ein kontroll at forholdet var blitt retta opp.

For å vite meir om befolkninga si kjennskap til produktplassering, undersøkte vi igjen dette. Undersøkinga viste lita endring i kjennskapet og at utydeleg merking framleis er ei utfordring. Tilsynet har i den samanhengen utforma eit visuelt merke som aktørane fritt kan nytte i programma sine.

Ein rettleiar om korleis tilbydarar av bestillingstenester og kringkastarar skal identifisere seg overfor publikum, blei også publisert.

Andre kontrollar vi gjennomførte var reklameavbrottsreglar på tv og ein kontroll med at radio-kringkastarar har tilfredsstillande eigenkontrollrutinar når det gjeld reklamevolum. Kontrollane avdekte ingen brot på regelverket, og eigenkontrollrutinane var gode.

Som sjåar blir du gjord merksam på at programmet inneheld produktplassering ved for eksempel at ein «P» blir vist øvst på skjermen i starten og på slutten av programmet.



Medietilsynet får gjennom året ei rekkje meldingar frå aktørar som ber om råd og rettleiing til for eksempel merking, utforming av sponseridentifikasjonar og korleis produkt plassering kan visast i program. Vi legg stor vekt på å gi denne typen rettleiing og ser at dette har stor effekt på etterlevinga av regelverket.

Allmennkringkasting

Den årlege allmennkringkastingsrapporten vurderer korleis allmennkringkastarane NRK, TV 2, P4 og Radio Norge i 2015 oppfylte pliktene sine. Tilsynet kom til at alle dei fire kringkastarane i all hovudsak varetok samfunnsoppdragane sine.

Verne mindreårige mot skadelege bildeprogram

Medietilsynet fører tilsyn med føresegnene i bildeprogramlova og bidrar til å verne mindreårige mot skadeleg påverknad frå levande bilde samtidig som vi informerer aktørar som er omfatta av lova, slik at dei kjenner til og forstår regelverket.

Tilsynet med bildeprogramlova blir gjennomført på bakgrunn av ein tilsynsplan som er lagd for perioden 2015 til 2017. Hovudmålet med planen er at Medietilsynet innan denne tidsperioden skal ha ført tilsyn med alle gruppene som er omfatta av lova.

I 2016 har vi kontrollert bestillingstenestene (nett-tv) til kringkastarane. Kontrollen omfatta både tilgangskontrollfunksjonane som ligg i bestillingstenestene og ein stikkprøvekontroll av

aldersklassifiseringa og aldersmerkinga i desse tenestene. Alle tenestene følgde krava i lova om aldersklassifisering, og dei fleste hadde gode nok rutinar for aldersmerking. Kontrollen avdekte at berre ei av tenestene hadde god nok tilgangskontrollfunksjon, og saka er tatt opp med dei andre kringkastarane under eit dialogmøte.

I tillegg har vi kontrollert bestillingstenestene til utvalde nettaviser. Målet med kontrollen var å få intern kunnskap om nettaviser som har aldersklassifiseringspliktig innhald i bestillingstenestene. Kontrollen avdekte blant anna at ingen av dei kontrollerte nettavisene hadde aldersmerking av innhaldet sitt. Vi vil følge opp aktørane i 2017.

Vi har bedt butikkar som sel video om å gjere greie for alderskontrollane sine og også bedt om utgreiingar frå videodistributørar og underhaldningsparkar for å kontrollere korleis dei aldersklassifiserer og merker bildeprogram på video og i attraksjonar. Kontrollane avdekte at det er eit særleg behov for å følgje opp elektronikkforhandlarar og dagligvarehandelen når det gjeld rutinar for alderskontroll ved sal av video. For videodistributørar og underhaldningsparkar vil vi følgje opp enkeltaktørar for å gi betre informasjon om dei pliktene dei har.

Vi har oppretta ei e-postteneste som publikum og aktørar kan nytte. Medietilsynet har mottatt og svart på i overkant av hundre meldingar gjennom denne tenesta, og vi har gjennomført dialogmøte

med enkelte filmfestivalar, kringkastarar og relevante bransjeorganisasjonar. Eit arbeidsmøte om aldersklassifisering i samarbeid med NRK Super og produksjonsmiljøet deira, er også gjennomført.

Forlenging og nye vilkår av konsesjonar på FM

Medietilsynet har forlenga totalt 208 konsesjonar til lokalradio på FM i 2016. Av desse fekk 17 konsesjonar ei kortvarig forlenging i samsvar med den regionvise sløkkeplanen. Dei resterande blei forlengde med fem år, fram til 1. januar 2022.

Norsk rikskringkasting AS har konsesjon til å etablere og drive anlegg for FM-lydkringkasting for nisjekanalane til NRK. Konsesjonen varte til 31. desember 2016. Medietilsynet har forlenga også denne fram til 31. desember 2017. Tilsvarende forlengingar blei gitt til P4 Radio Hele Norge AS for anleggskonsesjonen i det riksdekkande FM5-nettet, og det same for Bauer Media AS i FM4-nettet.

Det blei vidare i 2016 gjort ei vesentleg liberalisering av rammevilkåra for lokalradio på FM. Blant anna blei innhaldskrav og dei økonomiske avgren-

singane som gjaldt for nisjeradioar oppheva, med unnatak for sløkkeområda. Endringane trår i kraft 1. januar 2017.


Teksting av program


Medietilsynet fører tilsyn med føresegna i kringkastingslova om tilrettelegging for høyrselshemma på tv. Det er TV 2s hovudkanal, TVNorge og NRK sine riksdekkande tv-kanalar som blir omfatta av føresegna. I 2016 fekk TVNorge på plass eit system for teksting av direkte sende program mellom kl. 18.00 og 23.00, og med dette har alle kanalane implementert slike system. Medietilsynet er nøgde med at alle kringkastarane oppfyller lovkrava. NRK har i tillegg til sitt breie tilbod av teksta program også program med synstolking, teiknspråktolking og lydtekst.

Europeisk programinnhald

Kringkastarar og tilbydarar av audiovisuelle bestillingstenester har krav om å fremme europeisk programinnhald, og på våren publiserte Medietilsynet ein rettleiar om korleis dei kan fremme europeisk programinnhald.

Tilsynet har forlenga 208 konsesjonar til lokalradio på FM.





VERN AV BARN OG UNGE SIN MEDIEKVARDAG

Barne- og ungdomspanel

Ungdomspanelet er ein arena for ungdomsstemmen i vårt arbeid med vern av barn og unge. Panelet gir kvalitative tilbakemeldingar på ulike tema som for eksempel aldersgrenser, dataspel, sosiale medium og nettmobbing. Nokre frå ungdomspanelet har representert ungdomsstemmen under lanseringa av undersøkinga Barn og medium 2016 og vore med i planleggingsarbeidet med Safer Internet Day 2017 i tillegg til å ha vore modellar for illustrasjonsbilde vi bruker i tilsynet.

Tilsynet starta også planlegginga av ei utviding av dagens ungdomspanel med ekspertar lokalisert i fleire delar av Noreg. Dei første innleiande planleggingsdiskusjonane blei gjennomførte under nettverksmøtet til Trygg bruk hausten 2016.

Tilsynet samarbeidde med 4. og 7. trinn ved Gudeberg skule i Fredrikstad. Barnepanelet blei brukt for å få respons frå barn på to kinofilmar:

- *Goosebumps* (2015). Filmen inneheld skremmande urealistiske vesen i eit elles realistisk miljø. Vi var opptatt av å sjå korleis barn i ulik alder opplever ein slik film. Den blei derfor vist for både 9-åringar og 12-åringar samtidig.
- *Flickan, mamman och demonerna* (2016). Filmen har ein tematikk og eit uttrykk som er interessant fordi regissøren nyttar skrekkelement for å fortelje korleis det er for eit barn å leve med ei ustabil psykisk sjuk mor. Filmen engasjerte 12-åringane, og dei skildra den som spennande og viktig.

Trygg nettkvardag for barn og unge

Trygg bruk-prosjektet blei avslutta i 2016 og avløyst med ein ny prosjektperiode under EUs Connecting Europe Facility-program (CEF). Den nye perioden varar ut 2018 og bygger på eit vidare samarbeid med Kors på halsen – Røde Kors si hjelpelinje for barn og unge. Medietilsynet har følgt opp ansvaret sitt som koordinator i samarbeid med nasjonalt og europeisk nettverk. Ei prioritert oppgave har vore å vidareføre arbeidet med anti-mobbekampanjen Bruk hue. Vi samarbeider også med Konfliktrådet og fagfolk-nettverket deira som jobbar direkte med barn og unge.

I februar blei den årlege Safer Internet Day markert over to dagar med ein stor konferanse i Oslo.

Temaet var #hvagjordu. Det handlar om kva kvar og ein av oss gjer og kan gjere for at nettet skal bli ein betre og tryggare stad for barn og unge. Temaet for den første dagen av arrangementet var nettvit, mens barn og unge sitt personvern og dataspel var tema for dag to. Parallelt med hovudprogrammet blei det arrangert fleire arbeidsmøte for deltakarene og Bruk hue-foredrag for elevar, lærarar og foreldre.

Foreldre med barn i alderen 7 til 12 år var ei målgruppe vi prioriterte. Det er ei stadig auking i etterspørsel av informasjon og råd om barn sin bruk av digitale medium frå foreldre. For å dekke opp dette behovet lanserte Medietilsynet Trygg bruk brosjyren *Det er så mye foreldre ikke forstår*.



Frå Safer Internet Day 2016. Eit visuelt samandrag av Esther Buchmann.

Brosjyren gir råd og tips til kva foreldre bør konsentrere seg om når barna er på nettet, om det å vere rollemodell og sjølv ha gode vanar, om aldersgrenser på spel og sosiale medium, om ulike appar og kjøp, mobbing og personvern. Brosjyren er opphavleg utgitt av Medierådet for born og unge, og blei omsett og omarbeida frå dansk.

Dataspelkonferansen

Vår tredje nasjonale konferanse om dataspel og speleproblem blei arrangert. Målet med konferansane var både å anerkjenne at dataspel er ein stor hobby for veldig mange, men også at det kan skape problem for somme – noko som vi bør diskutere og forsøke å førebygge. Ein viktig del av informasjonsarbeidet om dataspel har vore å bidra til

ein nøktern og sakleg arena der ulike målgrupper og aktørar kan møtast og der alle partar bli høyrde. Hovudmålgruppa til konferansane har vore vaksne som til dagleg arbeider med barn og unge. Ved å inkludere eit mangfald av perspektiv på dataspelerfaringar ønsker vi å bidra til eit godt diskusjonsklima mellom vaksne og barn.

Dataspelkonferansen blei halden 30. november ved Røde Kors' Kurs- og konferansesenter med 120 deltakarar. Hovudinnlegget blei heldt av professor Mark Griffiths frå Nottingham Trent University, som er verdskjent for forskinga si på speleproblem.

SpillExpo

SpillExpo er Noregs største spelmesse og blir arrangert kvar haust i Norges Varemesse på Lillestrøm. Over 18 000 personar besøkte messa dette året. Hovudmålgruppa er spillentusiastar mellom 10 og 40 år, og messa blir også besøkt av mange vaksne som kjem saman med barn. Medietilsynet er rådgivande instans på dataspel for det felles-europeiske systemet PEGI (Pan European Game Information) som set aldersgrenser på spel, og vi arrangerte PEGI-stand på messa for fjerde år på rad. Standen blei utvikla og drifta i samarbeid med Hyperion – Norsk forbund for fantastiske fritidsinteresser. Totalt var det rundt 1 000 personar som besøkte standen for å stille spørsmål, diskutere og ta ein Quiz for å teste kunnskapane sine om aldersmerking.



MEDIEKOMPETANSE

Barn- og medieundersøkinga

Norske barn og unge veks opp i det mest digitale samfunnet i verda og er storbrukarar av digitale medium samanlikna med andre barn og unge i Europa. Kvart andre år gjennomfører Medietilsynet ei nasjonal undersøking om bruk og erfaringar barn og unge har til digitale medium. Undersøkinga består av to rapportar. Den eine gir innsikt i 9–16-åringane sine tankar og forhold til medium,

Skulen bør kome meir på bana med aukande opplæring og rettleiing. Samanlikna med tal frå 2014 har ti prosent fleire barn og unge i 2016 fortalt det til nokon dersom dei har opplevd noko negativt på nett.

og den andre seier noko om kva foreldre tenkjer om mediebruken til dei yngre barna. 2 888 barn og 2 007 foreldre har svart på over 40 spørsmål om mediekvardag, mobbing og truslar, seksualitet på nett, IKT i skulen, sosiale medium med meir. Vi har innhenta innspel til spørsmål frå samarbeidsnettverk og ressursar som jobbar med ulike fagfelt knytte til barn og medium i Noreg, slik som KRIPOS, Redd Barna, Senter for IKT i utdanninga, IKT-Norge med fleire.

Vi ser ein tendens til at auka mediekonsum gir meir risikoåtfærd på nett. Dette betyr blant anna auke i digital mobbing og deling av nakenbilde. Tal på barn og unge som rapporterer om negative opplevingar, er likevel ganske lågt samanlikna med svært høg bruk.

Skulen bør kome meir på bana med aukande opplæring og rettleiing. Samanlikna med tal frå 2014 har ti prosent fleire barn og unge i 2016 fortalt det til nokon dersom dei har opplevd noko negativt på nett.

Generelt ser vi at foreldre er på bana og følger medieinnhaldet når barna er små. Når barna derimot når 12-årsalderen, fell foreldra heilt av. Det viser seg også at mødrer og eldre foreldre er meir kritiske og strenge, dei snakkar med barna om mediebruk, er opptatte av aldersgrenser og følger opp innhald samanlikna med menn og yngre foreldre.

Småbarn og digitale medium

Trygg bruk-prosjektet bidrog til rapporten *Småbarn og digitale medier 2016* – ei kvalitativ undersøking av norske 0–8-åringar sin bruk av online-teknologi. I studien snakkar Medietilsynet og to forskarar ved Dronning Mauds Minde med ti 2.-klassingar og familiane deira om eigne erfaringar rundt bruken av digitale medium. Undersøkinga inngår som



Framsida på ein av produksjonane Medietilsynet gjennomførte i 2016 om småbarn og digitale medium.

ein del av det felleseuropeiske forskingsprosjektet Young Children (0–8) and Digital Technology, der tilsvarande studiar frå 18 land samanliknar 0–8-åringane sin mediebruk. Rapporten er gjennomført innanfor Europakommisjonens Joint Research Centre (JRC) sitt prosjekt ECIT – Empowering Citizens’ Rights in Emerging ICT.

Medieøkonomi og eigarskap

Medietilsynet har utarbeidd dei årlege rapportane for både medieøkonomi og eigarforhold.

Mot slutten av 2016 fekk Medietilsynet nye ressursar for å styrke arbeidet med medieøkonomi. Som følge av endringar i lovverket knytte til medie-eigarskap, har tilsynet nedsett arbeidsgrupper som skal utgreie moglegheita for å sjå medieøkonomi, medieeigarskap og mediemangfald i ein samanheng. Tilsynet har vidareutvikla datasystema sine slik at opplysningane om medieverksemdene sin økonomi, eigarskap og spreing enklare kan nyttast i det vidare arbeidet.

Medieeigarskapslova blei oppheva 1. juli 2016, og Medietilsynet hadde ingen saker til vurdering etter medieeigarskapslova. Lov om openheit om eigarskap i medium tredde i kraft same dato. Den nye lova gir Medietilsynet utvida oppgåver knytte til informasjon om eigarforholda i norske medium. Fullmakt til å gripe inn mot kjøp og sal av norske medium er flytt frå Medietilsynet til Konkurransetilsynet. Konkurransetilsynet skal rådføre seg med Medietilsynet om eventuelle mediemangfaldskonsekvensar i slike saker.

TILSKOTSFORVALTNING

Mediestønad

I 2016 blei forvaltninga av produksjonstilskotet til dei nasjonale vekemedia overført frå Kulturrådet til Medietilsynet. I løpet av året endra Kulturdepartementet forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium for å tilpasse regelverket til å inkludere dei nasjonale vekemedia. Tre nasjonale vekemedium fekk produksjonstilskot for første gong. Totalt sju nye aviser kvalifiserte til produk-

vedtaket, og fekk medhald. Klaga til Korsets Seier er framleis under behandling, og avisa fekk tilskot etter føresegna om overgangsordning i forskrifta.

Avisene som fekk produksjonstilskot for første gong var Dagens Perspektiv, Kronstadposten, Yderst , Lyngdals Avis, Troms Folkeblad, Gjengangeren og Finnmark Dagblad. Av desse var det e-avisa Dagens Perspektiv som mottok mest stønad med omlag 5,9 millionar kroner.

Elles mottok fire samiske aviser stønad i 2016. Medietilsynet tildelte også stønad til bruksretta medieforsking.

Tilskot til lyd- og bildemedium


Arbeidet med ei ny, meir plattformnøytral forskrift for tilskotsordninga for lokale radio- og tv-stasjonar blei fullført i 2015. Utlysinga av midlar for 2016 blei utsett til våren 2016 som eit resultat av det endra regelverket. I den nye tilskotsordninga, Tilskot til lokale lyd- og bildemedium, blei halvparten av midlane øyremerkte digitalisering av lokalradio.

Lokalkringkastingskonsesjonærar og registrerte kringkastarar som hovudsakleg tilbyr innhald retta mot eit lokalt publikum, kan få tilskot. I tillegg er det ein eigen søknadskategori for nasjonale samanslutningar for lokale lyd- og bildemedium og ein for anleggskonsesjonærar i digitale lokalradionett.

Lokalkringkastingskonsesjonærar og registrerte kringkastarar som hovudsakleg tilbyr innhald retta mot eit lokalt publikum, kan få tilskot.

sjonstilskot. Dette førte til at fleire av dei andre nyheits- og aktualitetsmedia fekk mindre tilskot enn dei hadde forventa, samanlikna med kva dei hadde fått tidlegare år.

Totalt 151 aviser kvalifiserte til stønad, mens tre aviser fekk avslag på grunn av for høg lønnsemd. Overgangen til det nye regelverket førte til at to av dei nasjonale vekemedia fekk avslag på søknadene om produksjonstilskot. Norge Idag klaga på



Over halvparten av midlane blei tildelte som investeringsstønad til digitalisering av lokalradiostasjonar eller til anleggskonsesjonærar for bygging av radionett.

Hausten 2016 blei tilskotsmidlar for 2017 kunngjort, og tilsynet har dermed hatt to søknadsomgangar for lokale lyd- og bildemedium dette året.


KLAGER

Medietilsynet mottok til saman ni klager på vedtak i 2016. Klagenes fordelte seg slik:

- Fire klager på tildeling av tilskot til lokale lyd- og bildemedium. Ingen blei omgjort.
- To klager om tildeling av mediestønad til aviser. Eitt av vedtaka er omgjort, mens det andre er til behandling i Medieklagenemnda.
- To klager gjaldt vedtak om aldersgrense på film. Medieklagenemnda opprettheldt ei avgjerd, mens Medietilsynet etter ei ny vurdering, gjorde om den andre klaga.
- Eitt vedtak gjaldt tildeling av anleggskonsesjon for lokalradio. Vedtaket blei oppretthalde av Medieklagenemnda.

Medietilsynet mottok 23 klager på kringkastingsavgifta. Ingen av vedtaka til NRK Lisensavdelinga blei omgjorde.

TILSYN I TAL



Støtteordningar

Produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium

• **151 aviser fekk til saman 313 038 083 kroner**

- Nummer to-aviser fekk totalt 234 376 140 kroner
- Åleineaviser fekk totalt 61 671 937 kroner
- Nr. ein-aviser fekk totalt 7 094 988 kroner

Distribusjonstilskot for aviser i Finnmark

• **12 aviser fekk til saman 2 048 000 kroner**

Tilskot til samiske aviser

• **4 aviser fekk til saman 27 031 756 kroner**

Tilskot til lokale lyd- og bildemedium


• **141 tildelingar på til saman 16 millionar kroner fordelt på**

- 9 152 000 kroner til investeringstilskot til digitalisering av lokalradio
- 1 410 000 kroner til driftstilskot til nasjonale samanslutningar for lokale lyd og bildemedium
- 355 000 kroner til driftstilskot til lokalradioar for etniske og språklege minoritetsgrupper
- 3 966 000 kroner til lokale programproduksjonar
- 853 000 kroner til einskilde kompetansehevande tiltak
- 277 000 kroner til utviklingsprosjekt

Medieforskning og etterutdanning

• **Samla tilskot 11 086 229 kroner fordelt på**

- Bruksretta medieforskning (RAM) 3 726 000 kroner fordelt på
 - 11 forskingsprosjekt 3 606 000 kroner
 - 4 mastergradar à 30 000 kroner
- Norsk Mediebarometer (SSB) 1 850 000 kroner
- Institutt for Journalistikk 5 050 000 kroner
- Landslaget for lokalaviser 600 000 kroner



STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Medietilsynet har god kontroll og styring på verksemda si. Verksemda sine oppgåver blei i all hovudsak gjennomførte innanfor tida og med planlagt forbruk. Tilsynet fekk ingen merknader i revisjonsmeldinga frå Riksrevisjonen for 2015. Kulturdepartementets gjennomgang av internkontrollen i verksemda viste at tilsynet har ei forsvarleg styring og kontroll. →

ETATSSTYRING

Styringsdialogen mellom Kulturdepartementet og verksemda er open og konstruktiv og gir retning for utviklinga av tilsynet. Ein vesentleg del av etatsstyringa er halvårlege møte mellom leiinga i Kulturdepartementets medieavdeling og leiinga i tilsynet. I møta blir ressursituasjonen, rammer og risikoforhold gjennomgått – både på kort og lang sikt. I tillegg blir det utveksla informasjon om vesentlege fagsaker. I 2017 planlegg departementet også å invitere til eit eige strategiseminar med leiinga i tilsynet.

I året som var har Kulturdepartementet vore opptatt av at Medietilsynet må utvikle ein fleksibel og omstillingsdyktig organisasjon som er tilpassa medieutviklinga. Tilsynet begynte på eit organisasjons- og utviklingsarbeid. Som følge av sjukefråvær i leiargruppa er arbeidet forsinka. Eventuelle justeringar i dagens organisasjonsmodell vil venteleg skje i 2017.

INTERN STYRING


Alle vesentlege oppgåver fastsette av Kulturdepartementet blei gjennomførte.

For å styrke arbeidet med mål- og resultatstyring blei det gjennomført nokre mindre grep i verksemdsstyringa. Eit viktig grep var ein tydeleggjering av ansvar, resultatkrav og rapportering for fagområda, blant anna gjennom disponeringsskrivet frå direk-

tøren. Dette gjaldt status for tiltak, økonomi og risiko.

Ved utgangen av året viste totalbildet for risiko ein fare for at aktørane ikkje på ein god nok måte skil mellom redaksjonelt og kommersielt innhald i sendingane sine. Tilsynet la derfor vekt på å gi god informasjon og rettleiing om regelverket, og vi etablerte blant anna eit nært samarbeid med Forbrukarombodet om YouTube og andre video-delingsplattformer. Risikovurderinga viste også at tilsynet er for avhengig av nøkkelpersonar på nokre verkeområde. For å bøte på dette blir blant anna medieøkonomiområdet styrkt med eitt årsverk i 2017. I tillegg planlegg vi med auka intern opplæring og kunnskapsdeling.

IKT-tryggleiken i verksemda vurderast som tilfredsstillande. IKT-området blir stadig meir omfattande og komplekst, noko som krev auka merksemd på organisering, kompetanse og tryggleik til IKT-funksjonane. Med ekstern assistanse blei det gjennomført ein generell risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) og ein eigen ROS-analyse av IKT-løysinga for forvaltning av mediestøtta. Rapporten om mediestønadssystemet konkluderte med at tilgjengelegheit, konfidensialitet og integritet i all hovudsak er varetatt gjennom ulike funksjonar og aktivitetar. Resultatet av ROS-analysen for verksemda vil vere klar i første kvartal 2017 og den vil danne føring for vår IKT-strategi vidare.



	Totalt		Leiarstillingar		Øvrige stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette i prosent	52	48	33	67	55	45
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette i prosent	51	49	33	67	54	46
Kjønnsfordeling – deltidstilsette i prosent	100	0	0	0	100	0
Gjennomsnittslønn (i 1 000 kr)	542	573	758	811	523	537

Den treårige strategiplanen til verksemda varte til og med 2016, men er forlengd med eitt år fordi Medietilsynet får ny direktør i løpet av 2017. Vedkommande må naturleg nok delta i utforminga av ny strategiplan.

SÆRSKILT RAPPORT TIL KULTURDEPARTEMENTET

HMS og arbeidsmiljø

Medietilsynet er IA-bedrift og samarbeider både med NAV og Bedriftshelsetenesten. I 2016 gjennomførte vi ei vernerunde og ei risikovurdering av arbeidsplassen, og vi har utført tilretteleggings- og utbetringstiltak. HMS-arbeidet skjer i dialog mellom leiing, arbeidsmiljøutval, dei tillitsvalde og verneombodet. Samarbeidet er godt, og arbeidet baserer seg på ein felles årleg handlingsplan. Verksemda tilbyr blant anna alle tilsette å drive fysisk aktivitet inntil 1,5 timer av arbeidstida kvar veke. Sjukefråværet var på 7,5 prosent, ein nedgang frå 8,2 prosent året før. Fråværet er i hovudsak relatert til langtidssjukefråværet, mens korttidssjukefråværet har vore stabilt lågt dei seinare åra. Kortidsfråværet utgjorde 2,7 prosent i 2016.

Sjukefråværet er framleis for høgt, og tilsynet vil fortsette arbeidet med å redusere sjukefråværet.

Tilsette og likestilling

Medietilsynet sysselsette 24 kvinner og 22 menn, totalt 46 personar ved utgangen av 2016. Leiargruppa består av fire menn og to kvinner. Arbeidsstokken er stabil med ein gjennomsnittsalder på 47 år.

Det er ingen lønnskilnad mellom kvinner og menn innanfor same stillingsnivå i tilsynet. Kvinnelege tilsette tener i gjennomsnitt noko mindre enn mennene. Dette skuldast at kvinneleiden framleis er høgare for stillingar på lågare nivå.

Organisasjonsutvikling

Endringar i teknologi og bruksmønster utfordrar måten Medietilsynet skal drive verksemda på. Den teknologiske utviklinga har skote fart dei siste ti åra – nye medium har kome til, og vi ser nye bruksmønster for dei tradisjonelle media som avis og tv.

I løpet av dei siste åra har vi fått endra regelverk på kringkastingsområdet; ny lov om openheit om

Digitalisering handlar om å fornye, forenkle og forbetre tenestene og arbeidsmåtene internt og eksternt. Digitaliseringsarbeidet bidrar til auka effektivitet og gjer at ressursar kan flyttast til prioriterte område og kjerneverksemda vår.

medieeigarskap, ny plattformnøytral mediestønad og ny lov om vern av barn og unge mot skadeleg medieinnhald.

Vi vil fortsetje å dreie tilsynsarbeidet frå kontroll og over til rettleiing, informasjon og dialog med bransje og publikum. Det betyr at vi må auke innsatsen og kompetansen når det gjeld informasjon, formidling og rettleiing.

I framtida vil endring og omstilling vere kvar-dagen. Bransjar og fagområde blir vovne stadig meir saman, og ei avgjerd på eitt fagområde får konsekvensar for eit anna fagområde i større grad enn tidlegare. Alt dette stiller krav til endringsevna og kompetanseutviklinga til organisasjonen.

Fire hovudområde for kompetanseutvikling blir prioriterte i perioden 2017–2022:

- Medieøkonomi/medieutvikling/analyse av marknad
- Mediekompetanse
- Samfunnsanalyse og trendar
- Kommunikasjon

Digitalisering av tenester

Digitalisering handlar om å fornye, forenkle og forbetre tenestene og arbeidsmåtene internt og eksternt. Digitaliseringsarbeidet bidrar til auka effektivitet og gjer at ressursar kan flyttast til prioriterte område og kjerneverksemda vår. Medietilsynet har gjennomført og starta fleire viktige digitaliserings-tiltak.



FAKE
NEWS



FRAMTIDSUTSIKTER

Det klåraste draget i medieutviklinga dei seinare åra har vore den raske digitaliseringa. Denne utviklinga av media har vore mykje omtalt, både av oss og andre i fleire år. Nasjonale og internasjonale regelverk er allereie endra for å møte denne utviklinga, og behovet for meir innsats her er stadig aukande. →



TILSYNET JOBBAR AKKURAT NÅ med fleire spørsmål og oppgåver knytte til dette – blant anna lovgiving knytte til sendingar frå utlandet, arbeidet med nytt AMT-direktiv og samarbeid med Forbrukarombodet om reklame- og sponseregjar for videobloggarar.

Dette gjer det naudsynt at Medietilsynets kapasitet som informant og rådgjevar, mellom anna for dei politiske styresmaktene, må vere vedlikehalden og oppdatert. Det betyr òg at arbeidet med proaktivt tilsyn og auking av mediekompetanse, blir stadig viktigare. Det handlar om meir utstrekt bruk av informasjon og samhandling med bransjar, aktørar og brukarar, og det blir stadig viktigare å satse på auka mediekompetanse i befolkninga. Ei av dei siste oppgåvene våre er å sjå på problematikken med falske nyheiter; særleg med tanke på den offentlege samtalen.

Vi vil i tida framover ha dei same overordna måla; ytringsfridom, mediemangfald, ein open og opplyst offentlig samtale, ei sterk allmennkringkasting og nødvendig vern av barn og unge. Men utfordringane, og dermed verkemidla, vil skifte. Viktige prinsipielle skiljelinjer vil stadig bli viktigare i ein medieverkelegheit der media sjølv kan få utfordringar med sine. Mange av dei tradisjonelle media står overfor store økonomiske utfordringar. Det gjeld både utfordringa med å få tilstrekkeleg digital inntening og ein omfattande auka konkurransesituasjon, særleg frå store internasjonale aktørar som Google og Facebook. Her treng både aktørar og styringsorgan best mogeleg informasjon. Tilsynet samlar no ressursane sine kring kunnskap om medieøkonomi og medieeigarskap for å utvide og forbetre verksemda si på dette viktige feltet.

Det offentlege utvalet for mediemangfald har nyleg lagt fram rapporten sin. Den seier at no og i åra framover er ikkje mediepolitikk berre mediepolitikk, men demokrati og mediepolitikk. Utvalet er uroa for den samfunnsviktige journalistikken og meiner at fleire tiltak må bli sett i verk for å trygge denne. Her kan Medietilsynet få fleire oppgåver.

I ein trongare økonomisk situasjon vil media søke å auke inntektene på fleire måtar. Skiljet mellom kommersielt og redaksjonelt stoff kan stå under press. Det same er samarbeid og stoffutveksling med sosiale og ikkje redaktørstyrte medium. Dette er først og fremst ein arena for media og deira organisasjonar, men eit offentleg tilsyn bør kunne samarbeide med dei, og det vil uansett bli viktige og aukande oppgåver ut frå eit mediekompetanseperspektiv.

og innsiktsfulle kompetansen i befolkninga og å vidareutvikle verkemidla for mediemangfald på alle plattformer.

Truleg vil eit breitt arbeid med mediekunnskap bli blant dei viktigaste oppgåvene for tilsynet i åra framover.

Mange av dei tradisjonelle media våre står overfor store økonomiske utfordringar. Det gjeld både utfordringa med å få tilstrekkeleg digital inntening og ein omfattande auka konkurransesituasjon, særleg frå store internasjonale aktørar som Google og Facebook.

Etter grunnlova skal styresmaktene leggje til rette for ein «åpen og opplyst offentlig samtale». Den digitale verkelegheita har grundig brote avsendermonopolet. Dette har auka mangfaldet tydeleg og moglegheita den einskilde har til å motta og spreie ulike budskap, men det kan også føre til meir einssidig budskap og utfordringar for tradisjonelle normer for den offentlege samtalen. Kvalitet og sanningsgehalt står under press. Eit omgrep som «fake news» har dukka opp. Verkemiddelet her kan ikkje vere kontroll i tradisjonell forstand. Verkemiddelet må vere å auke den kritiske



ÅRSREKNESKAP

Medietilsynets årsrekneskap omfattar driftsutgiftene og inntektene våre, utbetalt mediestøtte og avgift som vi krev inn for arbeidet med film og video. I 2016 brukte vi 43,4 millionar kroner til å drive verksemda. Den samla mediestønaden var på 365,8 millionar kroner. Årsrekneskapen viser disposisjonen av midlane i 2016. →

LEIINGSKOMMENTARAR TIL ÅRSREKNESKAPEN

Formål

Medietilsynet er underlagt Kulturdepartementet og er staten sitt forvaltningsorgan på mediesektoren. Tilsynet skal bidra til å oppfylle regjeringa si målsetting om å sikre ytringsfridom, rettsvern og eit levande demokrati. Dette blir gjort gjennom å drive tilsyn, rettleiing og informasjon overfor mediebransjen og befolkninga. I tillegg forvaltar tilsynet statlege stønadsordningar på medieområdet.

Stadfesting

Årsrekneskapen for 2016 er avlagt etter Bestemmelser om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Årsrekneskapen gir eit dekkande bilde av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Vesentlege forhold

Medietilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. I 2016 var tildelinga av ordinære driftsmiddel på 46 410 000 kroner. Kostnadsførte driftsutgifter var på 43 410 916 kroner, noko som resulterte i eit mindreforbruk på 2 999 085 kroner. Lønnsrefusjonar utgjorde 1 618 136 kroner. Grunnen til mindreforbruket var primært reduserte lønnsutgifter, blant anna med fleire tilsette i ulønna permisjon. Lønn og sosiale utgifter utgjorde 28 619 022 kroner, mot 31 180 316 året før, jf. note 2 i artskontorekneskapen. Delen lønnskostnader av totale driftskostnader var på 65 prosent, mot 67 prosent i 2015.

Samla løyving til drift av dei eksternt finansierte prosjekta var på 3 378 000 kroner. Eitt av dei, Trygg- bruk prosjektet, blir delvis finansiert av EU. Medietilsynet utbetalte 365 788 160 kroner i tilskotsmidlar. 313 038 083 kroner av tilskotsmidlane gjaldt ordninga om produksjonstilskot til dags-

aviser. Andre tilskotsmidlar gjekk til lokale lyd- og bildemedium, samiske aviser, distribusjonstilskot til avisene i Finnmark, medieforskning og etterutdanningsmidlar til mediebransjen.

Nytt i 2016 var at Medietilsynet fekk oppgåva med å krevje inn videoavgift som tidlegare blei kravd inn av Film & Kino. Beløpet utgjorde 5 815 956 kroner i 2016.

Medietilsynet er, saman med Mediebedriftenes Landsforening og Landslaget for lokalaviser, medeigar i Norsk Opplagskontroll AS. Aksjane er registrerte med ein post i kapitalrekneskapen til staten og går fram av note 6 i artskontorekneskapen.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen reviderer årsrekneskapen for Medietilsynet. Revisjonsmeldinga vil bli lagd ut på nettsidene til Medietilsynet og Kulturdepartementet så snart han er offentleg.

Fredrikstad, 15. februar 2017



Tom Thoresen
direktør

PRINSIPPNOTE TIL ÅRSREKNESKAPEN

Årsrekneskapen til Medietilsynet er utarbeidd og avlagt etter retningslinjer fastsette i Bestemmelser om økonomistyring i staten (føresegnene), fastsette 12. desember 2003 med endringar, seinast 5. november 2015. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1 og føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115.

Oppstillinga av løyverrapportering med noter viser løyvingar verksemda har hatt til disposisjon og alle opplysningar som er rapporterte til statsrekneskapen etter staten sin kontoplan. Løyverrapporteringa viser også verksemda sine finansielle egedelar og plikter i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa med noter viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter staten sin kontoplan. Artsrapporteringa viser også mellomvære med statskassa fordelt på grupper av kontoar.

Oppstillinga av løyverrapportering og artskontorrapportering er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2, grunnleggjande prinsipp for årsrekneskapen:

1. *Regnskapet følger kalenderåret*
2. *Regnskapet inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for regnskapsåret*
3. *Utgifter er ført i regnskapet med netto beløp, inntekter er ført med brutto beløp (ref. nettoordningen for merverdiavgift)*

4. *Regnskapet er utarbeidet i tråd med kontantprinsippet*

Oppstillinga av løyving- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter same prinsipp, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert» til løyverrekneskapen er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er tilknytte staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved årets slutt blir saldoen nullstilt på den einskilde oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Løyverrapportering

Løyverrapporteringa viser rekneskapstal som Medietilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapstala blir stilte opp etter kapittel og postar i løyverrekneskapen som Medietilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og plikter Medietilsynet står oppførte med i staten sin kapitalrekneskap. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev frå Kulturdepartementet på kapittel og post i statsrekneskapen.

Artskontorrapportering

Artskontorrapportering viser rekneskapstal Medietilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Medietilsynet har ein trekkrett for disponible løyvingar gjennom konsernkonto i Noregs Bank. Løyvinga skal inntektsførast og visast derfor ikkje som inntekt i oppstillinga.

Note 6 til artskontorrapporteringa viser forskjellar mellom utrekning med statskassa og mellomrekning med statskassa.

ÅRSREKNESKAP 2016

Løyvingsrapport 2016

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Samla tildeling*	Rekneskap 2016	Meir- og mindreutgift
0334	Driftsutgifter	01	46 410 000	43 410 916	2 999 085
0334	Spesielle driftsutgifter	21	3 378 000	1 900 319	1 477 681
0335	Tilskot til lokalkringkasting	74	17 279 000	12 704 091	4 574 909
0335	Produksjonstilskot	71	313 046 000	313 038 083	7 917
0335	Medieforskning og etterutdanning	73	11 100 000	11 086 229	13 771
0335	Produksjonstilskot	75	27 031 000	27 031 756	-756
0335	Distribusjonstilskot	77	2 048 000	2 048 000	0
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	0	2 606 400	
Sum utgiftsført			420 292 000	413 825 794	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Samla tildeling	Rekneskap 2016	Meir- og mindreinntekt
3334	Tilskot	02	2 500 000	2 828 042	-328 042
3334	Gebyrinntekter	70	2 500 000	2 400 972	99 028
5568	Sektoravgift - førehandskontroll av kinofilm	74	5 500 000	4 624 575	875 425
5568	Kino- og videogramavgift	75	10 000 000	5 815 956	4 184 044
5309	Tilfeldige inntekter	29	0	59 476	
5700	Arbeidsgivaravgift	72	0	3 457 727	
Sum inntektsført			20 500 000	19 186 749	

* Sjå note A for nærmare forklaring.

Rekneskap 2016

Netto rapportert til løyvingerekneskapen		-394 639 045
<i>Kapitalkontoar</i>		
60063901	Noregs Bank KK /innbetalingar	18 140 145
60063902	Noregs Bank KK/utbetalingar	-412 541 164
703808	Endring i mellomrekninga med statskassa	-238 026
Sum rapportert		0

<i>Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen</i>				
Konto	Tekst	31.12.2016	31.12.2015	Endring
703808	Mellomrekninga med statskassa	-1 277 711	-1 039 685	-238 026

Note A:

Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå 2015	Løyvingar 2016	Samla løyvingar
033401	600 000	45 810 000	46 410 000
033421	1 178 000	2 200 000	3 378 000
033571	0	313 046 000	313 046 000
033573	0	11 100 000	11 100 000
033574	3 522 000	13 757 000	17 279 000
033575	0	27 031 000	27 031 000
033577	0	2 048 000	2 048 000

Note B:

Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogeleg sum som kan bli overført til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meir-/ mindre-utgift	Utgiftsført av andre jamført med avgitte belastningsfullmakter(-)	Meir-/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meir-/mindre-inntekter jamført med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar	Sum grunnlag for overføring	Maks. beløp som kan bli overført	Mogeleg beløp som kan bli overført berekna av verksemda
033401		2 999 085		2 999 085				2 999 085	2 320 500	2 320 500
033421		1 477 681		1 477 681	328 042			1 805 723		1 805 723
033574		4 574 909		4 574 909				4 574 909		4 574 909

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mogeleg overførbart beløp

Medietilsynet si ubrukne driftsløyving på kapittel/post 033401 er på til saman 2 999 085 kroner. 2 320 500 kroner blir rekna som mogleg overføring til neste år ut frå 5-prosentregelen.

Beløpet på kapittel/post 033421 gjeld midlar til eksterne tiltak. Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 033421. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Kapittel/post 033574 gjeld ubrukt tilskot til lokale lyd- og bildemedium.

Medietilsynet får tilbakemelding frå Kulturdepartementet om endeleg beløp som kan overførast.

Artskontorrapport for 2016

	Note	2016	2015
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	12 841 504	7 204 113
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	2 828 042	2 428 252
Sum driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		15 669 546	9 632 365
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalinger til lønn	2	28 619 022	31 180 316
Andre utbetalinger til drift	3	15 667 167	15 228 380
Sum driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		44 286 189	46 408 696
Netto rapporterte driftsutgifter		28 616 643	36 776 330
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	4	1 145 045	0
Sum investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		1 145 045	0
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		1 145 045	0

	Note	2016	2015
Tilskotsforvaltning og anna overføringer frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	5	365 788 160	353 857 305
Sum tilskotsforvaltning og anna overføringer frå staten		365 788 160	353 857 305
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		59 476	64 306
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		3 457 727	3 817 278
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		2 606 400	2 376 454
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-910 804	-1 505 130
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		394 639 045	389 128 506
Oversikt over mellomrekninga med statskassa			
Eigedelar og gjeld		2016	2015
Fordringar		18 375	73 202
Skyldig skattetrekk		-1 231 461	-1 127 872
Skyldige offentlege avgifter		-70 599	-4
Anna gjeld		5 975	14 989
Sum mellomrekninga med statskassa	6	-1 277 711	-1 039 685

Note 1:

Inntekter rapporterte til løyvingerekneskapen 2016

	2016	2015
Innbetalinger frå gebyr		
Kontrollgebyr, film	4 646 175	3 961 410
Kontrollgebyr, video	5 815 956	0
Kontrollgebyr, klistremerke	4 108	11 306
Kontrollgebyr, trykte merke	2 025 265	2 531 397
Gebyr kringkasting	350 000	700 000
Sum innbetalinger frå gebyr	12 841 504	7 204 113
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Tilskot frå EU	2 078 042	808 252
Tilskot frå andre departement	750 000	1 620 000
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar	2 828 042	2 428 252
Sum innbetalinger frå drift	15 669 546	9 632 365

Note 2:

Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter og innbetalinger av offentlege refusjonar vedrørende lønn 2016

	2016	2015
Lønn	25 650 088	27 706 479
Arbeidsgivaravgift	3 457 727	3 817 278
Sjukepengar og anna refusjonar (-)	-1 618 136	-1 137 926
Anna ytingar	1 129 343	794 485
Sum utbetalinger til lønn	28 619 022	31 180 316
Tal på årsverk	40	44

Note 3:

Anna utbetalinger til drift 2016

	2016	2015
Husleige	3 895 820	3 789 184
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	7 629	2 371
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	521 216	469 092
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	0	65 655
Mindre utstyrsjøp	127 472	968 955
Leige av maskinar, inventar og liknande	1 423 672	1 274 814
Kjøp av framande tenester	5 610 406	4 864 388
Reiser og diett	1 073 449	848 733
Anna driftsutgifter	3 007 503	2 945 188
Sum andre utbetalinger til drift	15 667 167	15 228 380

Note 4:

Utbetaling til investeringar

	2016	2015
Utbetaling til investeringar		
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	1 145 045	0
Sum utbetaling til investeringar	1 145 045	0

Note 5:

Tilskotsforvalting og anna overføringar frå staten 2016

	2016	2015
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	365 788 160	353 797 305
Tilskot til finansielle føretak	0	60 000
Sum tilskotsforvalting og anna overføringar frå staten	365 788 160	353 857 305

Note 6:

Samheng mellom avrekning mellom statskassa og mellomrekninga med statskassa.

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomrekninga med statskassa				
		2016	2015	
		Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomrekning med statskassa	Forskjell
Omløpsmidlar				
	Kundefordringar	2 067 895	0	2 067 895
	Andre fordringar	18 375	18 375	0
	Sum	2 086 270	18 375	2 067 895
Kortsiktig gjeld				
	Leverandørgjeld	-1 210 097	0	-1 210 097
	Skyldig skattetrekk	-1 231 461	-1 231 461	0
	Skyldige offentlege avgifter	-70 602	-70 599	-3
	Anna kortsiktig gjeld	5 975	5 975	0
	Sum	-2 506 186	-1 296 085	-1 210 101
Sum		-419 915	-1 277 710	857 795

Del B Spesifisering av investeringar i aksjar og selskapsdelar							
	Ervervsdato	Tal på aksjar	Eigardel	Stemme- del	Resultat for 2016	Balanse- ført eigen- kapital i selskapet	Balanse- ført verdi i rekne- skapen
Aksjar							
Norsk Opplagskontroll, Oslo	01.05.2001	102	33,3	33,3	17 000	148 000	34 000
Balanseført verdi 31.12.2016							34 000

Ansvarleg utgivar: Medietilsynet
Grafisk formgiving: Bly AS
Foto: Medietilsynet/Kine Jensen
ISBN: 978-82-91977-55-3



KONTAKT

www.medietilsynet.no
www.facebook.com/medietilsynet
www.twitter.com/medietilsynet
post@medietilsynet.no



Medietilsynet
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY



Riksrevisjonen

Vår referanse 2016/00855-4

MEDIETILSYNET
Org. nr.: 974760886

Riksrevisjonens beretning

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Medietilsynets årsregnskap for 2016. Årsregnskapet består av ledelseskomentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusive noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2016.

Etter Riksrevisjonens mening gir Medietilsynets årsregnskap et rettviseende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter i 2016 og av aksjer og mellomværende med statskassen per 31. desember 2016, i samsvar med regelverk for statlig økonomistyring.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og de etiske kravene i ISSAI 30 fra International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene og INTOSAI's etikkregler. Etter Riksrevisjonens oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisjonens uttalelse om revisjonen av årsregnskapet og uttalelsene om etterlevelse av administrative regelverk dekker ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V), og vi attesterer ikke denne informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det revisors oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskapen opparbeidet under revisjonen, eller hvorvidt den øvrige informasjonen tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom det konkluderes med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er Riksrevisjonen pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens og overordnet departements ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et rettviseende bilde i samsvar med regelverk for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Overordnet departement har det overordnede ansvar for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig revisjon (ISSAI 1000–2999) alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke beslutningene som treffes av brukere på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og ISSAI 1000–2999, utøver revisor profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen.

Revisor identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Revisjonshandlinger utformes og gjennomføres for å håndtere slike risikoer, og tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis innhentes som grunnlag for revisors konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Dette skyldes at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, feilpresentasjoner, eller overstyring av intern kontroll.

Revisor gjør også følgende:

- opparbeider en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll
- evaluerer hensiktsmessigheten av regnskapsprinsippene som er brukt, og rimeligheten av tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, herunder tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde

Revisor kommuniserer med ledelsen og informerer overordnet departement, blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Revisor vil også kommunisere om forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, herunder eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Av de forholdene som kommuniseres med ledelsen og som overordnet departement blir informert om, tar revisor standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse regnes som sentrale forhold ved revisjonen. Disse beskrives i så tilfelle under eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring med rimelighet må forventes å være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom Riksrevisjonen gjennom revisjon av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk for økonomistyring, gjennomføres utvalgte revisjonshandlinger for å kunne gi uttalelse om hvorvidt det er vesentlige brudd på disse.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon knyttet til administrativt regelverk for økonomistyring

Vi gir en uttalelse med moderat sikkerhet på om vi er kjent med forhold som tilsier at virksomhetens disponering av bevilgningene i vesentlig grad er i strid med administrativt regelverk for økonomistyring. Uttalelsen bygger på ISSAI 4000-serien for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnås gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendig.

Basert på revisjon av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til ISSAI 4000-serien, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomhetens disponering av bevilgningene er i strid med administrativt regelverk for økonomistyring.

Oslo; 26.04.2017

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Harald Haugen
avdelingsdirektør

Brevet er ekspedert digitalt og har derfor ingen håndskreven signatur

Riksrevisjonen

0032 Oslo

27

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Vedr. 2016-00855-4 - Oversendelsesbrev Revisjonsberetning 2016

Riksrevisjonen sender post digitalt til alle virksomheter og privatpersoner. Dette er i tråd med regjeringens digitaliseringsprogram om digital kommunikasjon som førstevalg i samhandlingen mellom det offentlige, innbyggere og næringsliv.

Les mer på [www.riksrevisjonen](http://www.riksrevisjonen.no/presserom/nyheter/Sider/DigitalPost.aspx) eller www.riksrevisjonen.no/presserom/nyheter/Sider/DigitalPost.aspx